



NHB Bolig Vest
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3794 - 14/14694

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
30.09.2014

Godkjenning- Endring av gitt tillatelse på gnr 22, bnr 238 på Mjåtveit

Administrativt vedtak. Saknr: 273/2014

Tiltakshavar: Nestun Byggconsult AS
Ansvarleg søkjar: Norske Hus Boligsystem AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1- Endring av gitt tillatelse, oppføring av einebustad på gnr 22, bnr 238

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-1 motteke 16.09.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld endring av gitt tillatesle frå 09.12.2014 for oppføring av einebustad på gnr 22, bnr 238 på Mjåtveit.

Endringa omfattar ein liten endring innvendig. Innsetting av dør på sørfasade, bytting av vindauger på østfasaden nede, elles endring av ansvarsrettar. Tidlegare godkjente ansvarsrettar utgår.

Det er sendt inn ny søknad om tilkopling til kommunalt VA-anlegg. Ansvarsretten for rørarbeid er endra, men ny søknad for tilkopling er ikkje naudsynt. Tidlegare godkjenning for tilkopling til kommunalt VA-anlegg er gjeldande. Endring av ansvarsrettar vert godkjend som omsøkt.

Nabovarsling:

Endringssøknad er ikkje nabovarsla, søknaden gjeld i hovudsak endring av ansvarsrettar, samt ei lita endring på planteikning og fasade. Meland kommune fritar søkjar frå nabovarsling med heimel i Plan- og bygningslova § 21-3 andre ledd.

VEDTAK:

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

«Meland kommune godkjenner i medhald av Plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 endring av gitt tillatelse for oppføring av einebustad på gbnr. 22/238 i samsvar med søknad motteke 16.09.2014.

Plassering av tiltaket skal skje som vist på vedlagte situasjonskart og profildeikningar motteke 16.09.2014. Overkant golv på grunnplanet og topp møne skal vera kote 44,9 og 53,2 moh. For plassering og høgde gjeld eit toleransekrav i horisontalt og vertikalt plan på +/- 50 cm og +-20 cm. Minstegrensa på 4 meter til nabogrenser er absolutt.

For uforming av tiltaket elles vert det vist til vurdering over og vedlagte fasade,- plan- og snitteikningar motteke 09.2014.

Byggjeløyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

- Innan arbeida vert sett i gong må det sendast inn eit oppdatert situasjonskart i samsvar med matrikkelførte eigedomsgrenser. Ansvarleg søkjar må dertil sjå til at sistnemde grenser samsvarar med grensene som går fram av vedlagte situasjonskart. Ved reelle avvik må omsøkte plassering vurderast og eventuelt godkjennast på ny av kommuneadministrasjonen i høve til dei matrikkelførte grensene.

Byggverket si plassering på tomta skal kunne dokumenterast. Slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av karteverket. Meland kommune krev at innmålingsdata vert sendt i KOF-fil eller SOSI-filformat. Dokumentasjonen skal sendast inn seinast saman med førespurnad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve.

Opplysningar om bygget som kjem fram i søknaden vert registrert for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Godkjenning av ansvarsrettar:

Føretak:	Godkjenningsområde:
Norske Hus Boligsystem AS Org. Nr: 976960823 Sentral godkjenning	SØK/PRO tkl 1 Fagområde: Ansvarleg søkjar, arkitekturprosjektering
Jatak Kaupanger As Org. Nr: 991780750 Sentral godkjenning	PRO tkl 1 Fagområde: Prosjektering av konstruksjonssikkerhet, tak, vegger og bjelkelag
Anko As Org. Nr: 980538613 Sentral godkjenning	PRO/UTF tkl 1 Fagområde: Plassering av nybygg, utstikk av bygg i marken. Kontroll måling
Bergen og omegn rørrinnstallasjon AS Org. Nr: 994882015 Sentral godkjenning	UTF/PRO tkl 1 Fagområde: Utførelse og prosjekterende av VVA
Magne Hope AS Org. Nr: 918366016 Sentral godkjenning	UTF tkl 1 Fagområde: Grunn, terreng og betongarbeider
Knarvik Bygg AS Org. Nr: 913017625 Sentral godkjenning	Kontroll tkl 1 Fagområde: Overordnet ansvar av uavhengig kontroll

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av Plan- og bygningslovaen, så fram det ikkje følgjer anna av vedtaket her.

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om endring av gitt tillatelse eller godkjenning

Situasjonskart og teikningar

Gjennomføringsplan og søknad om ansvarsrett